



Terje Fløysand

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/940 - 16/10870

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:  
31.05.2016

## Retting av feil i eigedomsgrenser GBNR 5/26, 27

I samband med overføring av Fløksand kai til Fløksand marina har det kome fram at eigedomsgrensene til 5/26 og 5/27 ligg med grov feil i matrikkelkartet. Grunneigar til 5/7 har kome med krav om retting av desse grensene då naustet som i dag ser ut til å ligge på desse eigedommane skal ligga på hans eigedom.

### Generell informasjon om/ vilkår for retting av grense:

Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart - / Oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser. Slik retting av grenser utan oppmålingsforretning er heimla i Matrikkelova§ 26.

Dersom retting av grense ikkje vert gjennomført kan partane rekvirere oppmålingsforretning/ Påvising av grensa enten hjå kommunene ller hjå jordskifteverket. Oppmålingsforretning ved kommunen krev at partane kan påvisa grensa/ vert samde om grensa. Dersom partane ikkje vert samde om grensa er grensepåvising ved jordskifteretten den einaste måten å få grensa endeleg avklart på. Slike forretningar må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggande som «usikker» grense i kartet, men eigedommen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis vera meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte og merka i marka som gjeld.

### Denne saka:

I dag ligg grensa slik dei raude strekane viser i kartvedlegg dat. 20.04.2016- noko som viser at naustet innanfor kaien ligg på kommunen sin eigedom. Etter måla som går fram av skyldskifta skal desse eigedommane vera mykje mindre enn dei viser i kartet i dag. Vedlagt kart syner også framlegg til retting av grenser, der framlegget er teikna med tjukk lilla strek.

Eigar av 5/7 har opplyst at Thor O. Liland og Arne Gunleiv Haugsvær har bruksrettar i dette nauste. Rettighetshavarar vert difor varsla før retting vert gjennomført.

Vedlagt ligg kart som syner plasseringa av 5/ 26, 27 slik eigedommen er registrert i dag og med framlegg til rette grenser.

Dersom de ikkje er samde i at denne rettinga vert utført i samsvar med det som kjem fram i kartvedlegg dat 20.04.2016, bed ein om at de kjem med skriftleg tilbakemelding på dette innan 3 veker frå de mottar dette brevet.

Dersom det ikkje kjem inn motsegn til framlegget, vert det konstruert matrikkelgrenser i samsvar med framlegget. Underretning om endring av grenser vert sendt til dei det gjeld etter at rettinga er utført.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Framlegg til retting

**Mottakere:**

Arne Gunleiv Hausvær	Rosslandsvegen 1161	5918	FREKHAUG
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Terje Fløysand Thor O. Liland	Fløksand 83	5918	FREKHAUG